



Fartsmålar vil dokumentera farten gjennom sentrum

Det er sett opp fartsmålar ved Grano i sentrum. Det er eit av fleire fartsdempande tiltak for å få køyrande til å redusera farten gjennom Uskedalen. Inger Lise Eidsvik, som driv butikk tett på fylkesvegen, har ved ulike høve peika på dette problemet.

Fartsmålar vil over ei bestemt tid måla og registrera farten. Registreringane vil dokumentera farten og sei noko om kor mange som ligg over fartsgrensa på 50 km. Inger Lise Eidsvik har opplevd mykje stygg køyring ved butikken hennar og på strekninga Uskedal bru til nedkøyrsla til SPAR. Ho har mange gonger vendt seg til politiet og ansvarshavande for fartregulering. Arbeidet hennar har ført til at fartsmålar er på plass. Ei oppsummering vil syna om ein må ta i bruk andre fartsdempande tiltak i Uskedalen.

Uskedal utvikling har over lengre tid arbeidd med ulike trafikksikringstiltak. Vi har før peika på dette med god sikt. No gjeld det tiltak for å få ned farten og ha respekt for fartsgrensa.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal